



TROPPÅ GARD, PETERSEN
Vestbygdvegen 346
5919 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på klage i produksjonstilskot 2020- Troppå gard

Vi viser til klage på vedtak om tildeling av produksjonstilskot (avløysartilskot), dagsett 22. februar 2021. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 4. mars 2021.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev føretaket Troppå Gard, Pettersen, org.nr 997 725824, avslag på søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot for 2020. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.

Bakgrunn

Vi har motteke brev frå deg med tittel «klage på vedtak om tildeling av produksjonstilskot (avløysartilskot)». Alver kommune har sendt klaga di til Statsforvaltaren for handsaming. Vi ser på klaga di som ein søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen 10. januar 2021.

Føretaket Troppå Gard, Pettersen driv med hald av sau og høner i Alver kommune. Du søkte om produksjonstilskot i mars og oktober 2020. Ved søknad i oktober søkte du om avløysartilskot. Du brukar leggje inn maksimalt avløysartilskot du kan få refundert i oktober, då du alltid kjem over maksgrensa i løpet av året. Det var du sikker på at du hadde gjort denne gongen også. Ved utbetaling av produksjonstilskot i februar 2020 oppdaga du at du har fått refundert kr 54.500,- og ikkje maksimalt, som er kr 85.800,- for føretaket ditt.

Du skriv at du logga inn i søknaden før 10. januar 2021 for å etterregistrere sankta sau og lam frå utmarksbeite, då det var komme dyr heim etter 15. oktober 2020. Dette er ikkje komme med på søknaden og ikkje loggført. Denne gongen sjekka du ikkje avløysartilskotet, då du var sikker på at det var lagt rett inn frå før.

Regelverk

I følgje *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket og Veileder til søknad om produksjonstilskudd*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter.



Statsforvaltaren kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta § 9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søkerar overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søkerar sitt ansvar å setje seg inn i regelverket og passe på at søknaden vert levert i rett tid, det gjeld også nye søkerar. Dersom søkerar har gjeve ein annan i oppdrag å levere søknaden, er det søkerar sitt ansvar at denne medhjelparen får levert søknaden innan fristen.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2020–28 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle situasjonar. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen når søkerar sjølv kunne ha avverga at søknaden vart levert for seint. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

Ut frå informasjonen Statsforvaltaren har tilgjengeleg ser vi at du logga inn i søknaden 15. oktober 2020 og leverte søknad med at du hadde nytta avløyserutgifter på kr 54.500,-. Etter dette er det ikkje sendt søknad frå føretaket ditt.

Vi har vore i kontakt med Landbruksdirektoratet som har sjekka logg for føretaket ditt. Her går det fram at du har vore inne i søknaden og sendte søknad for del 2 2020 15. oktober 2020. Det er ikkje spor i loggen etter aktivitet i januar 2021. Dette tyder på at du ikkje har vore inne i søknadsskjema i januar innan etterregistreringsfristen. Det er dermed ikkje søkt om tilskot til sauene og lamma som vart sankt etter 15. oktober 2020 og heller ikkje avløyserutgifter over kr 54.500,-.

Vi kan difor ikkje sjå at dette er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen for føretaket Troppå Gard, Pettersen.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap. VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG

